

Arkivsak-dok. 14/00799-7  
Saksbehandlar Hanne Cecilie Nes

Saksgang  
Utval for natur og næring  
Kommunestyret

## **HALLINGMO OMRÅDEREGULERING - 2 GANGS BEHANDLING OG SLUTTBEHANDLING**

### **Saka vert avgjort av:**

Kommunestyret etter behandling i Utval for Natur og næring

### **Vedlegg:**

- Innspel frå arkitektane VIS-A-VIS, datert 07.03.2014
- Uttale frå Statens Vegvesen datert 19.03.2014, postført 03.04.2014
- «Anmodning om forskjøvet høringsfrist,» datert 03.04.2014, frå Gol skystasjon ved styreleiar.
- Uttale frå Fylkesmannens miljøvernavdeling, datert 07.04.2014
- Høyringsmerknad frå Gol idrettsråd og Gol IL, datert 04.04.2014
- Plankart og føresegner, datert 18.02. og 19.02.2014
- Ny uttale frå Gol skystasjon, datert 11.04.2014

### **Dokument i saka:**

1. Innspel frå arkitektane VIS-A-VIS, datert 07.03.2014
2. Uttale frå Statens Vegvesen datert 19.03.2014, postført 03.04.2014
3. «Anmodning om forskjøvet høringsfrist,» datert 03.04.2014, frå Gol skystasjon ved styreleiar.
4. Uttale frå Fylkesmannens miljøvernavdeling, datert 19.03.201
5. Uttale frå Fylkeskommunen vedrørande kulturminne, datert 07.04.2014
6. Merknad vedrørande høringsfrist frå arbeidsgruppa THL, datert 05.04.2014
7. Høyringsmerknad frå Gol Idrettsråd, Gol IL, datert 04.04.2014
8. Nytt støykotekart utarbeidd av Sweco Grøner, datert 18.03.2014
9. Temakart, utarbeidd av Utbyggingsavdelinga, datert 04.04..2014
10. Saksutgreiing og protokoll i UNN sak 31/13, datert 21.05.2013
11. Saksutgreiing og protokoll i UNN sak 01/14, datert 21.01.2014
12. Saksutgreiing og protokoll i UNN sak 13/14, datert 18.02.2014
13. Plankart og føresegner, datert høvesvis 18 og 19.02.2014
14. Varsel om nytt offentleg ettersyn, datert 19.02.2014
15. Sak 18/14 i Formannskapet, datert 20.03.2014 – Storleik og plassering av hall
16. Ny uttale frå partar i Tronderudvegen, datert 05.04.2014
17. Ny uttale frå Gol skystasjon, datert 11.04.2014
18. E-post frå kommunalteknisk avdeling, datert 10.04.2014

Dersom det er behov for innsyn i fleire dokument, ta kontakt med Utbyggingsavdelinga eller sekretariatet. Stort A0 Kart i målestokk 1:1000, datert 11.02.2014 vil bli lagt i hylla til gruppeleiarane.

### **Saksopplysningar:**

Historikk:

Utval for Natur og næring har tilsaman gjort 3 vedtak i områdereguleringplan for Hallingmo. Planen har vore ute til offentleg ettersyn i to perioder. Sist periode var 22.02 – 05.04.2014.

Utval for Natur og næring utsette behandling av områdereguleringplan for Hallingmo i møte 21.01.2014. Det ble i møtet lagt fram e-post frå idrettsrådet. Utvalet ville sende planen i retur til administrasjonen for å få innspel frå idrettsrådet utreda nærmare. Utvalet ynskte også at Styringsgruppa skulle uttale seg til forslaget. Styringsgruppa fekk ein gjennomgang av forslaget 17 februar.

Eit nytt grep i planen er mellom anna å leggje om den vestre delen av Tronderudvegen og kople den mot Svøvegen. Dette som ein konsekvens av at Statens vegvesen ikkje aksepterte adkomst frå FV 51 utan omfattande tiltak på krysset ved Nedre Svøo og Hesla bru. Det er elles gjort endringar i rekkefølgeføresegner og det er lagt til rette for av/på stigning, o\_AVG basert på eksisterande situasjon. Byggeareal for o- I/G2 er utvida austover. Dette var noko som representant for Gol idrettsråd var positiv til i styringsgruppemøte 17 februar med tanke på plassering av hall. Universelt sentrumsnær turstig er lagt inn i framlegget. Delstrekning er gjort juridisk bindande vest for o\_IG2

### **Utval for natur og næring har behandla saken i møte 18.02.2014 sak 13/14**

Behandling:

Det blei i møtet lagt fram referat frå Styringsgruppa datert 17.02.2014. Utvalet hadde gjennomgang og diskusjon av plana og dei nye innspela frå Styringsgruppa. Det kom følgjande framlegg frå H (Aud Ingunn Narum) og FRP (Bård Flatåker Hagen): Flytte/parallelforskyve o\_KV4 vestover om lag 20 meter. Dei grunnjev flyttinga med at dei ynskjer betre plass til ein fleirbrukshall og større fleksibilitet/muligheit til å flytte fleirbrukshallen.

Votering: 2 – 5, Framlegget falt.

Nye endringar i kart og føresegner:

Kart:

- Utvide o\_I/G2 austover i ein korridor med varierende breidde ca. 10 meter i sør og ca. 20 meter i nord.
- Forlengje o\_KV3 fram til eksisterande fysisk stengsel.
- Gangvegen fram til innkomsten til kunstgrasbanen skal leggast langs Svøvegen.
- Namnsette ny veg inn til symjehallen.
- Utvide byggeområde o\_T/1 ved symjehallen og sørover slik at o\_G/T blir halvert. Linja skal gå vinkelrett ned.

Endringar i føresegner:

- Del av G/S3 skal gjerast juridisk bindande frå symjehallen og fram til Rundingen slik at samband austover blir sikra. Denne skal vera opparbeid før det blir gitt bruksløyve til område for undervisning. (jf. Føresegn 3.14.1 og 3.14.2).
- Gangveg o\_F1 skal vera opparbeid fram til klubbhuset før o\_KV1 austover frå krysset blir erstatta av Tronderudvegen.

#### Votering

Det vart stemd over forslaget frå Høgre og Frp om flytting av o\_KV4 vestover. Forslaget fekk to stemmer. Bård F. Hagen (Frp) og Aud Ingunn Narum (Høgre) stemde for forslaget frå Høgre og Frp om å flytte vegen.

Resten av planen:

Samrøystes vedtatt 7-0.

#### Vedtak (omforeint)

Utval for Natur og næring legg i medhald av plan- og bygningslova §§ 5-2 og 12-10 områdereguleringsplan med kart og føresegner og tilhøyrande plandokument ut på offentleg ettersyn. Endring i kart og føresegner er gitt i oppsummering ovafor. o\_AVG, Dropstasjon 1 er beste tilbringarløysing og gir minst konflikta i forhold til arealbruk. Av omsyn til val av o\_AVG, Dropstasjon er det lagt til rette for at det ikkje skal plasserast bygg og anlegg sør for kunstgrasbanen. I tillegg er det lagt vekt på merknader frå Hallingdal kraftnett at det ikkje skal leggjast til rette for idrettshall eller tyngre bygningstekniske installasjonar sør for kunstgrasbanen då det ikkje er å anbefale å kombinere slike bygg med jordkabel. Rådmannen vil og leggje vekt på at Gol taxi Gol drosjesentral meiner Dropstasjon 1 er det beste alternativet.

Nye endringar i kart og føresegner:

Kart:

Utvide o\_I/G2 austover i ein korridor med varierende breidde ca. 10 meter i sør og ca. 20 meter i nord. Forlengje o\_KV3 fram til eksisterande fysisk stengsel.

Gangvegen fram til innkomsten til kunstgrasbanen skal leggjast langs Svøvegen.

Namnsette ny veg inn til symjehallen.

Utvide byggeområde o\_T/1 ved symjehallen og sørover slik at o\_G/T blir halvert. Linja skal gå vinkelrett ned.

Endringar i føresegner:

Del av G/S3 skal gjerast juridisk bindande frå symjehallen og fram til Rundingen slik at samband austover blir sikra.

Gangveg o\_F1 skal vera opparbeid fram til klubbhuset før o\_KV1 austover frå krysset blir erstatta av Tronderudvegen.

Det delegerast til administrasjonen å ev. gjøre mindre endringar i kart og føresegner før offentleg ettersyn

**Forhold til overordna plan:**

Kommunedelplan for Gol tettstad, stadfesta 05.09.2006 har avsett område til framtidig offentleg formål, o2. Innafor område o2 skal bygningar ha ei mønehøgde mellom 6 og 15 meter og gesimshøgda skal ikkje vera over 12 meter. Arealformålet er i kommunedelplanen sett til offentleg formål eller offentleg og privat tenesteyting som er dagens nemning. Delegasjonsreglementet til Gol kommune seier at dersom planen har avvik i arealformål frå overordna plan, skal planen også behandlast i formannskapet som kommuneplanutval. Av omsyn til tidsperspektivet har Utval for Natur og næring hatt mynde til å legge planen ut på offentleg ettersyn.

**Miljøkonsekvenser:**

Jfr. tidlegare saksutgreiing i UNN sak 31/13, 1/14 og 13/14. Jfr også konsekvensutredninga om naturmangfold, friluftsliv, grøntstruktur m.meir.

**Helse-/miljø og beredskapstilhøve:**

I tillegg til eigen skredvurdering, er det gjort ROS analyse, i samsvar med plan- og bygningslova § 4-3. Jf. saksutredning i 1. gangs behandling også her.

**Økonomiske konsekvensar:**

Jfr. opplysningar i tidlegare saksutgreiing.

Utbyggingsavdelinga har gjennom notat datert 19.12.2011 sagt at honorarramme for utarbeiding av plan med denne kompleksitet vil ha ei ramme rundt 500`, dersom kommunens bidrag er betydeleg. Kommunen har gjennom tverrfagleg gruppe utarbeidd konsekvensanalyse. Kommunen har koordinert arbeidet og konstruert reguleringskartet. I tillegg er det lagt ned mykje frivillig arbeid i dei ulike prosjekt- og arbeidsgruppene. Ein del utredningsarbeid har vært nødvendig for å ferdigstille reguleringsplanen. Det gjeld skredfarevurdering, oppdatert støysonekart i to omganger i tillegg til utredning om trafikk/veg- forhold. Desse kostnadene kjem i tillegg.

På grunn av ny vegløyning har kommunen måtte bruke noko meir konsulentbistand, om lag 100`. Det vil vera behov for å tilføre ny teknisk infrastruktur, veg, vatn og avløp. Grovt rekna vil dei økonomiske konsekvensane for vatn og avløp, inklusiv overvannshandtering vera om lag 2,5 – 3 millionar. I samsvar med rekkefølgeføresegn skal offentleg køyreveg og ein del gangvegsamband vera gjennomført før det blir gitt bruksløyve for område for undervisning, o\_U.

Det er tatt utgangspunkt i konsesjon frå NVE vedrørande høgspent som skal kablast om og leggjast i jordkabel. Hallingdal Kraftnett har i konsesjonssøknaden til NVE opplyst at det er Gol kommune som skal dekke kostnadene med kablinga. Kostnaden er estimert til 2,9 millionar. Dersom kabelen skal kombinerast med bygg og anlegg må denne leggast i kulvertt noko som fordyrer betydeleg sjølve prosjektet.

Fylkeskommunen har i sin helhet kosta prosjektering til sentrumsnær turstig med Universell utforming. Det er gitt eit mindre bidrag til gjennomføring

**Vurdering:**

Nye innspel/merknader etter 2. gangs offentlig ettersyn:

<p>Statens Vegvesen, datert 19.03.2014</p> <p><i>Vi har ikke innsigelse til planen forutsatt mindre justeringer i kart og føresegner: Området for offentlig formål beslaglegger viktig grøft/sideareal ved Fv. 51, og det er ikke lagt inn byggegrense mot fylkesvegen. Her må det legges inn et grøntareal og byggegrenser mot Fylkesvegen som ivaretar vegens sidearealer.»</i></p> <p><i>«Avslutningen av g/s-prosjektet fra Heslabrua og videreføring av denne gjennom planområdet må legges inn.»</i></p>	<p>Det er allerede utarbeidd temakart som har innarbeid disse merknadene og sendt Statens Vegvesen.</p>
<p>Fylkesmannens miljøvernavdeling og landbruks- og næringsavdelinga, datert 11.03.2014:</p> <p>Fylkesmannen kommenterer ny adkomstløsning og nytt forslag til dropsone for levering og henting av barn. Har ingen særskilte merknader til disse løysingane, men synast det er leit at området ikkje vart heilt bilfritt</p> <p>Syner vidare til nasjonal målsetting for energieffektive løysingar og alternative oppvarmingskilder. Nemner varmepumpe som eksempel</p> <p>Svært positiv til sentrumsnær tursti med universell utforming.</p> <p>Anbefaler kommunen å vurdere støyskjerm mot FV 51 i sør sjølv om grenseverdiane i støyretningsline T 1442 i hovudsak er tilfredstilt.</p> <p>Planforslaget har ikkje negative konsekvensar for nasjonale eller regionale interesser.</p>	<p>Dette er utreda tidlegare med bakgrunn i krav frå Statens Vegvesen. Alle synast det er stussleg at området ikkje blei bilfritt</p> <p>Kommunen er glad for at FM roser kommunen for val av energiløysing vedrørande varmepumpeanlegg for det nye skulebygget.</p> <p>Prosjektleiaren kan opplyse at dersom det blir overskotsmasser er det tenkt å etablere ei slik støyvoll.</p> <p>Fint</p>
<p>Gol skystasjon, v/dagleg leiar Øystein</p>	

<p>Falmår, datert 03.04.2014:</p> <p>Gol skysstasjon låg ikkje inne med adresse i matrikkelen. Ber om utsett høyringsfrist, 1 veke til ca 10 april.</p> <p>GS ønsker å utvikle området rundt skysstasjonen for å kunne tilfredsstille reisandes behov for venterom, kafeteria, spiserom for sjåførar m.meir. GS har presentert sine planer for Formannskapet i møte 20.03.2014.</p> <p>Skysstasjonen hadde også innspel til varsel om oppstart av planarbeid. Det har også vore gjennomført møte med representantar for busselskapa. Generellt meinte dei at planavgrensing/formålsavgrensing for kollektivterminal var for snau. Dei ønsker å sikre areala fyrst og fremst gjennom eit utvida planområde mot Statoil. Vidare framheva dei Alternativ B som det beste alternativ.</p>	<p>Vanlegvis kjem brev utan adresse attende til kommunen etter kort tid. Her har det tatt 4 veker. Vi seier oss lei for dette.</p> <p>Kommunen tok delvis omsyn til innspel frå skysstasjonen i 1 gangs behandling. I høve til opprinneleg forslag til kollektivterminal blei avgrensing for denne utvida i ein korridor på ca. 7 meter vestover. Dette på bekostning av parken da korridoren (offentleg tenesteyting) ble forskøve tilsvarande. Det har vore viktig å etablere torgaksen mellom sentrum og kommande «kulturbygg».</p> <p>Det er viktig for kommunen at det nå er lagt til rette for ei svært langsiktig løysing. I følgje trafikkutreder frå Asplan Viak er det mogleg å utforme skysstasjonen slik at den blir meir arealeffektiv. På sikt er det tanker om innkøyring frå Gymnasvegen og utkøyring til Sentrumsvegen.</p>
<p>Arkitektfirma VIS A VIS, v/ Anne Cathrine Nessmo, datert 07.03.2014.:</p> <p>Ønsker mindre endringer i føresegnane, jfr §§ 4 og 6.</p> <p><b>"§ 4 Område for bygninger og anlegg (pbl.§ 12-5, 2.ledd nr.1)</b>  Pkt. 4.1.4 Det skal vera 7 parkeringsplasser pr.10.årsverk i tillegg til sykkelparkeringssjass for 1/3 av elevtalet."  Ønskes tilføyet med: <b>Parkering kan legges i felt o_G/P2</b></p> <p><b>"§ 6 Grøntstruktur (pbl § 12-5, 2.ledd nr.3)</b>  Pkt. 6.5.2 Området høyrer til o_/G1."  Ønskes tilføyet med <b>Parkering for o_U kan legges i området.</b></p>	<p>Merknad tas til følgje og innarbeidast i føresegnane.</p>

<p><i>Bakgrunn for merknad er å sikre at parkering for skolebygning kan legges i felt o_G/P2 og ikke på eget område. Prosjektering av skolebygg viser at eget område bør benyttes til uteområde for lek og opphold samt sykkelparkering. Det er en fordel å kunne skille mest mulig bilkjøring ut fra området der barns lek og ferdsel bør stå i fokus. I tillegg er det gunstig for området å samle parkeringen på felt regulert til parkering. Dette sikrer mest mulig utnyttelse av p-anlegg over døgnet.</i></p>	
<p><i>Gol Idrettsråd v/Gudmund Brekko og Gol IL v/ Atle Magne Strandos.</i></p> <p><i>Fortsatt er det slik at planen, etter vår vurdering, gjev eit manglande samspel og kommunikasjon mellom dei ulike bygg/anlegg på Hallingmo. Som døme er det ikkje utarbeidd nokon illustrasjonsplan som viser korleis planfremjar (Gol kommune) tenkjer at ferdsel av inntil 750 born skal føregå i området. Dette gjeld både til og frå skule, og mellom skule og dei andre aktuelle aktivitetsflatene på Hallingmo (baneanlegga, symjehall, samfunnshus, bibliotek m.m.). Dette burde vore klarlagt før planen går til sluttbehandling.</i></p> <p><b>Plassering av fleirbrukshall/idrettshall o_I/G2).</b>  <i>Skissert plassering av idrettshall, i det nordvestre hjørnet av o_I/G2, viser tilnærma ingen kommunikasjon med dei andre anlegga på Hallingmo. Ny hall bør leggjast inn mot dagens "Hallingmo-bane", og slik at det kan vere utgang frå garderobar og rett ut på anlegget på Hallingmo (fotball, skøyter m.m.). Om nødvendig må dagens idrettsbane (fotball, friidrett m.m.) skyvastaustover for å få til ei best mogleg plassering av fleirbrukshall i området vest for idrettsbana.</i></p>	<p>Fleire moment som idretten har merknader til er tidlegare behandla.</p> <p>I flg. Kommunens trafikkutreder er o_AVG, Dropstasjon 1 beste tilbringarløysing og gir minst konflikhtar i forhold til arealbruk. Løysinga er basert på eksisterande situasjon. Kulverten vil med fordel fortene eit lyft. Av omsyn til val av o_AVG, Dropstasjon er det lagt til rette for at det ikkje skal plasserast bygg og anlegg sør for kunstgrasbanen. I tillegg er det lagt vekt på merknader frå Hallingdal kraftnett at det ikkje skal leggjast til rette for idrettshall eller tyngre bygningstekniske installasjonar sør for kunstgrasbanen då det ikkje er å anbefale å kombinere slike bygg med jordkabel. Rådmannen vil og legge vekt på at Gol taxi Gol drosjesentral meiner Dropstasjon 1 er det beste alternativet.</p> <p>Lokalisering av idrettshall har hatt ein omfattande og tidskrevjande behandling. Hadde hallspørsmålet blitt løyst på eit tidlegare tidspunkt hadde reguleringsarbeidet vore noko enklare. Så tidleg som i første vedtak frå Utval for Natur og næring er det sagt at det er mest aktuelt med lokalisering nord og vest for eksisterande kunstgrasbane. Nytt vedtak i UKL og Formannskapet høvesvis 19 og 20.03 er det sagt at Idrettshall på Hallingmo skal</p>

**Område o\_T/I med plankrav.**

*Tillegg til planføresegner pkt. 3.11:*

*«Bygging av idrettsanlegg (ny kunstgrasbane m.m.) på nord-austre del av område o\_T/I (grusbana) kan gjennomførast utan krav om utarbeiding av detaljregulering».*

*Idretten (fotballgruppa og HFK) har eit stort dokumentert behov for ei kunstgrasbane nr. 2. Det er viktig at arbeidet med bygging av ei slik bane kan starte utan at ein først må utarbeide detaljregulering for området,*

**Skøytebane.**

*Plassering av kunstfrosen skøytebane bør byggast i kombinasjon med dagens idrettsbane (kunstgras og friidrett), i nærleiken av ny fleirbrukshall, og slik at ein kan bruke felles garderobeanlegg m.m. Eksisterande Hallingmo-bane har tilstrekkelege mål til å kunne ombyggast til å vere skøytebane/isanlegg på vinteren og fotballbane og fridrettsbane på sommaren. Ei kompakt plassering av anlegg gjer det lettare med kombinasjonsløyser og god arealutnytting både ute og inne.*

**Utviding av symjehall.**

*Det er registrert at område o\_T/I er utvida i det nord-vestre hjørnet, og at dette vil sikre areal for framtidig utviding av symjehallen. Det er viktig at dette vert opprettholdt. Symjehallen er eit av anlegga som har eit klart potensiale for å verte eit regionanlegg, og som kan utløyse ekstra spelemidlar ved utbygging.*

**Klima og energi.**

*Det må leggjast sterkare føringar for utgreiing av energiløysingar for området.*

*Det må vurderast om dette bør inn i rekkefylgjeføresegnene. Kombinasjonen varmesentral og kunstfrosen skøytebane er ein god energikombinasjon, jfr. mellom anna siste års utbyggingar på Jevnaker.*

plasserast i områdeo\_IG2, nord-vest for eksisterande kunstgrasbane.

Det er tidlegare redgjort for årsaken til plankrav. Utval for Natur og næring ønska å oppretthalde plankrav for o\_T1 av omsyn til framtidig arealbruk for vidaregåande skule. Det kan fortsatt utførast vedlikehaldsarbeid på grusbanen. Jfr, plan-og bygningslova § 20-1, bokstav a, b, d, e, k og . l. Sak om plankrav var også tema i januar møte til Utvalet. UNN opprettheldt plankravet også i vedtak i sak 13/14.

Jfr. Pkt. ovafor og politikaranes standpunkt til plassering av hall. Reguleringen hindrer ikkje direkte kombinasjonsbruk. Felles garderobe vil og vera fortsatt mogleg.

I siste behandlingrunde er det lagt til rette for utviding av svømmehallen både austover og sørover. Dette blir oppretthalde.

Gol byggdrift har gjennomført eigen vurdering av flisfyring til Hallingmo og helsetunet. Denne konkluderer med marginal nytte. Gol kommune har ikkje seinare utvikla noko strategi på detta. Prosjektet som nå gjennomførast baserer seg på trygg energi, og det er valt elektisk med varmepumpe og borebrønner. Det er likevel slik at det ikkje er noko i vegen for å etablere I/G områdene. Varmesentral er ikkje i strid med formålet. FM miljøvern avdeling støtter kommunens av energi med vassbåren varme.



<p><b>Trafikk og sikkerheit.</b>  <i>Planen som no er på høyring viser ei «reestablering av Tronderudvegen med køyreveg frå Sentrumsvegen og rett mot nord, tvers gjennom den del av planområdet som også skal nyttast som ferdsel for inntil 750 born, og andre brukarar av Hallingmo. Dette viser tydeleg at dei «mjuke trafikkantane» må vike for biltrafikk. Ei slik prioritering av biltrafikk er ekstra uhelding i eit område som skulle vere særlegtilrettelagt for skule, kultur og fysisk aktivitet. Born vil alltid gå kortaste veg, og dette må planen ta hensyn til. Ellers så bør ein og tenke på klimaet og fysisk helse så incitamentet til bruk av sykkel og gange aukar. For å betre på dette må del av vegen (Tronderudvegen) mellom skuleområdet og Hallingmobana leggjast heilt eller delvis i kulvert, og soleis sikre planfrikommunikasjon mellom aktivitetsflatene på Hallingmo. Dette gjeld særleg for strekninga mellom dagens innkøyring til Hallingmobana og opp til dagens 90-graders sving av Tronderudvegen.</i></p>	<p>Kongstanken opprinneleg var sjølsagt at område skulle vera bilfritt. Elevane skulle kunne bevege seg trygt og sikkert mellom skuleanlegg og idrettsanlegg. Som før omtalt var det ikkje mogleg å etterkoma krav frå Statens vegvesen. Byggeområdene er gitt maksimale utnyttingsgrader, noko som ville belaste det trafikale bildet både i krysset ved Nedre Svøo og krysset ved Hesla bru. Planen syner ein minimumsløysing med to samband mellom undervisningsområdet og idrettsanlegg og haller. Det eine sambandet er den eksisterande kulverten. Frå av/påstigningsområdet, også kalt dropsone vil skuleelevane trygt kunne losast gjennom gangvegssystemet, inn i kulverten og med nytt gangveg og tursti system på vestsida av Tronderudvegen (KV4). Det er også krevd samband lenger nord. Det er ikkje tatt stilling til nøyaktig plassering av denne, men det knytter seg ein rekkefølgeføresegn som seier at denne skal vera opparbeid før det gis bruksløyve til idrettshall. Det er heller ikkje tatt stilling til om det skal etablerast kulvert eller gangbru. Når det gjeld gåande elever frå vest vil dei ha adkomst via ny gang og sykkelveg, prosjektert og finansiert av Statens Vegvesen. Reguleringplanen med tilhøyrande dokument vil bli presentert før kommunestyremøte 27 mai. Det er lagt opp til eit trafikkikkert tilbod til mjuke trafikanter langs FV51 i frå Hesla bru til Sislevegen. Tilrettelegginga for mjuke trafikanter og skuleborn er difor ein rekkeføgje føresegn til sjølve Hallingmoplanen.</p>
<p>Per-Helge Myklebust pva. Partar og arbeidsgruppe THL:</p> <p>Brev poststempla som A-post 21.02. Myklebust skriv at brevet ikkje er motteke før 26.02. Forventer difor utsatt frist til 09.04. Endeleg merknad kjem innan denne dato.</p>	<p>OK, Alt som kjem innan veke 15, dvs. 11 april blir saksbehandla til ekstramøte. Merknader som kjem etter denne dato må leggjast fram direkte i møte.</p>
<p>Fylkeskommunen ved utviklingsavdelinga</p>	<p>Same uttale er sendt tidligare. Føresegn er</p>

<p>Kulturminnefagleg vurdering. Uttale må takast inn i reguleringsføresegnane.</p>	<p>innarbeid, jfr. § 3.12. Rutiner etter oppskrift frå fylkeskommunen og riksantikvaren er fulgt. Vedtak om kostnadar av den arkeologiske utgravinga kan først skje etter at reguleringsplanen er vedteke. Budsjett omkring 90 000.</p>
<p>Nytt innspel/merknad frå partar i Tronderudvegen, Hjallevengen og Lauvli:</p> <p><i>Kritiserer sterkt reguleringsprosessen. I strid med kommuneplanens verdigrunnlag. I strid med planprogram.</i></p> <p><i>Vi kan ikke se at kommunen har funnet de beste alternativa for Hallingmo!</i></p> <p><i>Til tross for gjentatte purringer har ikke rådmann eller ordfører funnet tid for å møte oss som part i saken selv om rådmann skriver i sin siste e-post; ” <b>Vi tar kontakt når dette blir aktuelt.</b>”.</i></p> <p>Uttrykker skepsis til vegløyning generelt. Meiner T-krysset er foreslått på ein lokal høgde i terrenget. <i>Vi opprettholder derfor deler av vårt standpunkt konkretisert i brev av 21.08.2013.</i></p> <p><b>Tveg /Svøoveg beholdes som i dag og kan omformast til</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Miljøgate eller</b></li> <li>• <b>senkes i skille mellom Tveg og Svøoveg for planskilt kryssing veg/ gangveg</b></li> </ul> <p><i>Kommenterer hallplassering: Hallen er plassert parallelt med Svøovegen, men vridd i forhold til idrettsbane. Savner byggegrense. Hall kan plasseres nærmere skissert hall med positiv gevinst for økonomi og miljø</i></p>	<p>Rådmannen har kommentert dette tidlegare. Etter møte med Vegvesenet blei det som kjent forlatt løysing med adkomst i frå FV51. Rådmannen meiner derfor at det ikkje blei behov for møte. Innspel frå parter i Tronderudvegen, Hjallevengen og Lauvli blei i stor grad ivareteke. Informasjonsmøte i klubbhuset arrangert av ad hoc gruppa kolliderte dessutan med kommunestyremøte. Rådmannen syner elles til den den lovregulerte demokratiske prosessen som følgjer av plan og bygningslova, og meiner denne er fulgt. Problematisk og ressurskrevjande dersom mange ulike interessegrupper forventer og forlanger å ha møte med politisk og administrativ leing.</p> <p>Dette er ikkje korrekt. I flg, grunnkart med 1 m høgdekoter er det 5meter stigning på ei lengd på 80meter. Høgdepkt. ligg lengre vest for T-krysset og kjem ikkje i konflikt med KV1 (ny Tronderudveg)</p> <p>Kommunen har nytta trafikkutredar frå Asplan Viak. Vi har grunn til å tru at deirast løysing er forsvarleg og godt dokumentert ut i frå dei føresetnader som er gitt. Statens Vegvesen som fagetat har ikkje hatt motforestillingar til løysinga.</p> <p>I formannskapssak 18/14 har ikkje tatt endeleg stilling til hall. Dette vil bli gjort når ein veit kva hall og funksjonar som skal byggjast. Der byggegrenser langs offentleg veg ikkje er spesifisert i reguleringsplan, gjelder avstandsføresegn i vegloven § 29 som angir</p>

<p>Område o_I/G2: <i>Savner detaljer som avkjørsler, parkeringsareal, estetiske bestemmelser m.v</i></p> <p>Gang og sykkelveg /Fortau: <i>Forventer fortau langs Tronderudvegen på sørsida, jfr.1.gangs utlegging. Det må settes rekkefølgekrav for opparbeidelse</i></p> <p>o_G/S3: <i>Krøklestell som må omarbeidast. Vil bruke gammel Jalleveg</i></p>	<p>ei byggegrense for kommunale veg til 15m Slik byggegrense kan med fordel leggjast inn. Støygrense er mindre aktuelt ettersom vegsystemet er lagt om og støymålingar er basert på ein heilt anna ÅDT særleg frå krysset ved FV51.</p> <p>Det har vore eit bevisst val at det ikkje skal vera plankrav for undervisningsområdet o_U, o_I/G2, bustadområdene og F/K/T, Forretning/kontor/tenesteyting. Det blir kompensert med ei stram oppramsing av krav, jfr. Føresegn 3.2 – Krav om dokumentasjon ved gjennomføring av tiltak. Det er for tidleg å ta stilling til detaljert arealbruk i området. Jfr. T.d plassering og storleik på hall</p> <p>Opprinneleg låg denne inne på sørsida av Tronderudvegen, o_KV1. Utval for Natur og næring ville knytte ein rekkefølgeføresegn til deler av strekninga, dvs. fram til klubbhuset. Kan vera aktuelt å legge in gangveg/fortau også langs sørsida av Tronderudvegen då det i flg. Kommunalteknisk avdeling vil vera mindre inngrep i terrenget og ei mindre kostbar løysing enn på nordsida.</p> <p>Det er Buskerud fylkeskommunen som har finansiert prosjektet med sentrumsnær tur sti, mest muleg universelt utforma. Strekninga vest for «grisehuset» og ned til svømmehallen er gjort juridisk bindande, men kun strekning frå svømmehallen og fram til Rudningen har rekkefølgeføresegn. På grunn av stigningsforholda er stien gjort snirklete. Det er sjølsagt ikkje noko i vegen for at det delvis opparbeidda eksisterande tur og sti nettet fortsatt blir nytta. Kva nivå og vedlikehald desse får i framtida tek reguleringa ikkje stilling til.</p>
<p>Innspel frå kommunalteknisk avdeling:</p> <p>Kommunalteknisk har set nærare på prosjektering av veg og fortau som ligg i planen for Hallingmo. Dersom det kjem ny</p>	

<p>fleirbrukshall, og det skal lagast ny Tronderudveg (KV1) frå T-krysset og til innkøyring til dagens klubbhus på Hallingmo, ser vi at det er likevel mest naturleg fortau på sørsida av vegen. Imidlertid er innregulerte fortau vidare austover, på grunn av kostnad og inngrep gunstig å ha på nordsida.</p> <p>Ber derfor om at det vurderst omdet kan leggats inn fortau på sørsida (F6?) og fram til klubbhuset. Dette gir større mulighet for praktiske løysingar uavhengig av kva som byggjast kor og når.</p>	<p>Det vil då vera naturleg å knytte rekkefølgeføresegn knytta til dette fortauet og ikkje til den på nordsida. Jfr. Føresegn 3.14.2</p>
<p>Nytt innspel/merknad frå Skysstasjonen v/styreleiar Falmår:</p> <p>Har kome med «mulighetsstudie» for utviding av skysstasjon. Denne syner også korleis dei tenkjer seg kollektivtrafikken løyst på sikt. Dei har fokusert på at Hallingmo vil generere meir kollektivtrafikk og bruk av turbusser m.meir. Dei har også fokusert på universell utforming. Det er lagt opp til tilbygg med venterom, pauserom for sjåførar, ny kafè eller kiosk. Utvidinga er tenkt vestover mot parken og vil legge beslag på parkeringsareal. Som kompensasjon for dette er det lagt opp til parkering under bakken i tråd med føresegnane i kommunedelplan.</p> <p>På sikt er det tenkt innkøyring frå Sentrumsvegen og utkøyring Via Gymnasvegen med einvegskøyresperre. Eventuelt kan det leggjast lokk over deler av Statoiltomta.</p>	<p>Kommunen er særst nøgd med at Skysstasjonen har funne ei løysing for utviding innafor det arealet som er avsett til kollektivterminal i reguleringsplanen. Parkering under bakken gjør at området blir meir arealeffektivt.</p> <p>Dette er løysingar som ikkje direkte grip inn i reguleringa. Løysinga rører ved eigedomar som ligg utanfor planområdet. Det har også vore tankar så tidleg som i «plansmia» i 2009 om utkøyring via Gymnasvegen.</p>

**Rådmannen si innstilling:**

Gol kommunestyre vedtek med heimel i § 12-12, jfr. Også § 12-4 i plan og bygningslova områdereguleringssplan for Hallingmo, Planid: 2012007 med endringar og presiseringar i kart og føresegner:

## I

### Føresegner:

4.1.4 Det skal vera 7 parkeringsplassar pr. 10. årsverk i tillegg til sykkelparkeringsplass for 1/3 av elevtalet. **Parkering kan legges i felt o\_G/P2.**

6.5.2 Området høyrer til o\_I/G1. **Parkering for o\_U kan legges i området.**

3.14. Siste setning, Gangveg o\_F6 på sørsida av o\_KV1 fram til klubbhuset

### Kart:

Det skal leggjast inn byggegrense langs FV 51 i sør i område o\_U (undervisningsområde) og anna veggrunn/grønt areal langs vegen (SOSI kode 2019)

SOSI data frå overlappende avslutning frå reguleringsplanen Hesla bru – Sislevegen blir lagt inn i same område.

Anna veggrunn sør for B3 skal erstattast med grøntstruktur i tillegg til vegstenging/fysisk køyresperre (SOSI kode 1231)

Legge inn fortau langs o\_KV1 frå T-kryss og fram til klubbhuset på sørsida.

Legge inn kommunal byggegrense langs o\_KV1 og o\_KV4

## II

Rådmannen får fullmakt til å foreta redigeringsmessige endringar og ferdigstille plandokumenta for endeleg kunngjering og eigengodkjenning.

### Underskrift

Hege Mørk  
Rådmann

Hanne Cecilie Nes  
Avdelingsleiar